



GOL OG HEMSEDAL

Kyrkjeblad

Nr. 2

Juni 2026

77. årgang

Andakt	3
Min salme	5
Konfirmantane.....	6-7
Folkemusikk og dans i Lykkja.....	8
Nye retningslinjer for gravlys	9
Gudstenestelista	10
Livets gang.....	11





TEKST OG FOTO: IRENE MARKEGÅRD

Tysdag 7. mai var det klart for den årlege dugnaden på gravplassen i Hemsedal. Her møtte over 20 personar som bidrog til å gje gravplassen ei vårreingjering etter vinterdvalen. Det vart raka, kosta og rydda. På biletet ser du fleire av dei som møtte, men nokre var så travle med raking at dei ikkje hadde tid til å setje seg ned :) I tillegg til dugnaden

er mange innom på eige initiativ og rakar og ryddar når det passar.

Dugnaden er ein fast og triveleg aktivitet og det vert sett stor pris på innsatsen alle legg ned. Bakarlauget bidrog med kake og diakonimedarbeidar Sissel kom med kaffi og te.

Takk for innsatsen!

HEMSEDAL KYRKJEKONTOR

Hemsedalsvegen 2916 **NY!**
Eksp. tid mån– tor 9.00–15.00
Tlf: 47 90 38 33
post.hemsedal@kyrkja.no
www.hemsedal.kyrkja.no

Kyrkjevevjerje:
Irene Markegård
Mobil: 48 20 20 20 • im328@kyrkja.no

Sokneprest:
Ingrid Finsådal Bakke
Mobil: 910 08 109 • Fri måndagar
if323@kyrkja.no

Organist:
Hans Jakob Wastvedt • Fri mån og tirs
Kontortid: Onsdagar 10.00–13.00
Mobil: 478 77 890 • hw954@kyrkja.no

Diakonimedarbeidar:
Sissel Rudningen • Fri mån og tirs
Mobil: 419 35 246 • sr499@kyrkja.no

Sekretær (dåp og vigsel):
Thorunn Haugo
Tlf: 32 02 90 00 • Fri fredagar
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no

Trusopplærar:
Britt Marie Haraldset
Mobil: 951 22 136
britt.marie.haraldset@gol.kommune.no

Kyrkjetenar:
Wilfried Westera
Mobil: 971 09 922 • ww364@kyrkja.no

Gravplassen Hemsedal:
Hans Vidar Sørensen
Mobil: 911 76 827 • sorensen.hv@gmail.com

Leiar sokneråd:
Håvard Venås Mobil: 908 42 422

GOL OG HERAD KYRKJEKONTOR

Gol kommunehus 3. etg
Eksp. tid mån– fre 9.00–15.00
Tlf: 32 02 90 00
kyrkja@gol.kommune.no
www.gol.kyrkja.no

Kyrkjevevjerje:
Kjellfred Dekko
Tlf: 32 02 90 00 • Mobil: 926 41 198
kjellfred.dekko@gol.kommune.no

Sokneprest:
Arnstein Bleiktvedt
Mobil: 958 28 706 – Fri måndagar
arnstein.bleiktvedt@gol.kommune.no

Diakon:
Martha Frøyland Bleiktvedt
Permisjon

Diakonimedarbeidar:
Gerd Eli Berge
Mobil: 415 08 155

Organist:
Justin Vickery
Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00
Mobil: 474 75 580
justin.vickery@gol.kommune.no

Kyrkjetenarar:
Ludvig Munkejord Mobil: 911 22 763
Torbjørn Østdahl Jensen Mobil: 950 60 395

Sekretær
Thorunn Haugo
Tlf: 32 02 90 00 • Fri fredagar
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no

Trusopplærar
Britt Marie Haraldset
Mobil: 951 22 136
britt.marie.haraldset@gol.kommune.no

Leiar sokneråd og fellestråd:
Kjetil Th. Storebråten Mobil: 908 21 745



GOL STAVKYRKJE *Sommeren 2026*

MUSIKKANDAKTER
ONSDAGER KL. 20.00
– MED SOLISTER.

1. juli

Solist – Rebecca Lofft
(hardingfele/bratsj)

8. juli

Solist – Ingunn Stræte
(trekkspill)

15. juli

Solist – Inger Marie Lien Rust
(sang).

22. juli

Solist – Tori Snerte
(fløyte).

29. juli

Solist – Susanne Engelmann
(cello).

GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLAD

Antall nr.: 4 nummer i året

Redaksjon: Irene Markegård (red.),
Ludvig Munkejord,
Sølvi Larsen Aalrust,
Kjell Slåtten, Gunnar Rudningen

Ekspedisjon: Kyrkjekontoret, 3550 Gol

Utgevar: Kyrkjene i Gol, Herad og Hemsedal

E-post: im328@kyrkja.no

Bankgiro: Sparebank 1 Hallingdal
2367.60.00097

Vipps: 591790

Forsidefoto: Ludvig Munkejord

ANDAKT

Hjarteavtrykk

TEKST: HEBR 10,24 – JES 49,14-16

Born set spor etter seg. Det veit alle småbarnsforeldre. I den lyse årstida når sola skin på sitt sterkaste gjennom vindauga, er spora ekstra tydelege. Då ser vi merkene på glasrutene - dei mange fingeravtrykka som står der tett i tett - som små personlege helsingar frå dei som kvar dag gjev oss så mykje glede.

Slik er det eigentleg for alle. Uansett kva hendene våre rører ved eller kjem borti, så etterlet vi oss fingeravtrykk. Det er ikkje alltid dei syns så godt, men vi legg frå oss kjenneteikn på alt vi kjem borti eller rører ved. Og ingen av kjenneteikna er like. Vi har alle våre heilt unike fingeravtrykk. Linjene våre er personlege. Det finnes ingen kopiar.

Dei små fingeravtrykka etter ungane våre er også unike. Når vi pussar glasrutene er det som dei gjev oss foreldre ei heil preike. For borna våre etterlet seg jo ikkje berre små fingeravtrykk rundt omkring. Det legg også igjen gode «hjarteavtrykk» - for å seie det med boktittelen til den svenske forfattaren Kristina Reftel. Hjarteavtrykk av leik og moro - smil og latter - og av og til også av gråt og tårer så det trengs eit fang å bli trøysta på. I dei stundene opplev vi dei gode, nære banda mellom oss. Banda som vi kvar dag ber med oss som gode hjarteavtrykk i vårt indre.



Og dette er ikkje noko som berre gjeld borna våre. Alle ynskjer vi vel at det skal stå meir enn fingeravtrykk igjen etter oss. Vi vil jo gjerne også etterlate oss hjarteavtrykk. Av godleik og medkjensle. Av kjærleik og ekte omtanke. Både i smil og latter, og med gråt og tårer når det trengs. Bibelen oppfordrar oss også til dette. I Hebreerbrevet 10,24 står det: «Lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar.» Det betyr i kvardagsspråk at når det er nokon i omgangskretsen vår - i nabolaget, familien eller kyrkjelyden - eller det er nokon vi møter på butikken eller andre stader som kan trenge at vi legg igjen eit hjarteavtrykk - så skal vi gjere det. Og i tillegg skal vi også leite etter hjarteavtrykka frå andre i liva våre. For vi har jo så lett for berre å fokusere på kva vi sjølv gjer. Men det kan jo hende at det er andre som set igjen eit hjarteavtrykk også hos oss. Med eit smil - eit godt ord - eller ei hjelpande hand. Det kan inspirere oss til å sende det vidare.

Men sjølv om vi veit alt dette, så er det jo dessverre ikkje alltid berre gode avtrykk vi menneske legg igjen hos kvarandre. Nokon gonger er det tvert imot: Vi feilar - støyter og sårar - og etterlet oss avtrykk som ikkje er noko å samle på. Då trengs det ei meir omfattande reingjering enn den vesle vasken vi innimellom gjer for å fjerne fingermerkene på glasrutene. Vi treng eit oppgjer med den og dei det gjeld, og i den større samanhengen den himmelvasken Gud har gjeve oss med Jesus.

I den samanheng finn vi ei av dei finaste Gudsskildringane vi har i Bibelen - hos profeten Jesaja 49,15-16. For der blir Guds eige hjarteavtrykk i oss samanlikna med den omsorga ei mor har for sine born. «Så seier Herren: Kan ei kvinne gløyma sitt diande barn,

ei omsorgsfull mor det barnet ho bar? Og sjølv om dei skulle gløyma, skal ikkje eg gløyma deg. Sjå, eg har teikna deg i hendene mine». Den sterkaste kjærleiken som finst i vår verden er faktisk ikkje den kjærleiken gode foreldre har til borna sine – sjølv kor sterk den kan vere. Den sterkaste kjærleiken som finst er den kjærleiken Gud, vår himmelske Far har til alle oss små og store menneskeborn.

Det er hjarteavtrykket som overgår alt anna.

Baby- og småbarnssang

Oppstart torsdag 27. august kl 11.00, deretter kvar torsdag t.o.m. 5. november (ikkje høstferien).

Diplomfest

12. november kl 17.00.

På Frelsesarmeen i Gymnasvegen 3 på Gol. Sang, dans, lek for babyar og litt større småbarn. Felles lunsj.

Påmelding og spørsmål til Britt Marie – 951 22 136

Sjå og facebookgruppa «Baby- og småbarnssang Gol»



Velkomen til Ope Hus i Hemsedal.

Kvar fyrste tysdag i månaden er det triveleg formiddagstreff på Kyrkjestugu kl 11.00. Kvar gong får me besøk av ein invitert gjest, og det er solosang, diktlesing, bordkonkurransar, allsong, "ord for dagen" og ferske vaflar til kaffi/te.

Tystad 1. september

Filmframsyning av "DEN SISTE OSTEMAKER" frå Grøtestølen. Bitten Brennhovd fortel om produksjon av gamalost og andre stølsprodukt.

Treng du skyss? Gi beskjed til kyrkjekontoret. Tlf: 47 90 38 33 / post.hemsedal@kyrkja.no

Velkommen!

Kor for Lys & Liv -FESTIVALEN

Til deg som går i 3.-7.-klasse!

Denne hausten blir det og prosjektkor til Lys&Liv-festivalen. Koret er for elevar i 3.-7. klasse.

Det blir øvingar onsdagar kl. 14.30-15.15 på desse datoane: **2/9, 9/9, 16/9, 23/9 og 7/10**, og så syng koret på festival-gudstenesten i Hemsedal kyrkje søndag 11. oktober 11.00.

Spørsmål og påmelding (innen 1. september): 951 22 136 - Britt Marie

Søndagsskolen i Hemsedal

Vi starter opp igjen til høsten med første samling **20. september kl 10.00:**

Det vil bli lagt ut oppdatert informasjon på Facebook-gruppa «Søndagsskolen i Hemsedal».

Vil du vite mer om Søndagsskolen, kan du lese på www.sondagsskolen.no.

Åpent hus

Formiddagstreff på Gol bedehus siste torsdag i måneden **kl. 11.00.**

Datoer for høsten: **24. september, 29. oktober, 26. november**

Velkommen!

Helsing Åpent hus-komité



Hemsedal kyrkje får nytt slokkeanlegg

I juni og juli framover vil det vere noko meir aktivitet enn vanleg i og rundt Hemsedal kyrkje. Kyrkja skal få installert nytt slokkeanlegg og ny brannsentral som ein del av arbeidet med å styrkje branntryggleiken i bygget.

Det nye slokkeanlegget blir basert på Inergen, ein slokkegass som består av naturlege gassar som allereie finst i lufta rundt oss. Ved ein eventuell brann vil anlegget raskt senke oksygennivået akkurat nok til å stoppe brannen, samtidig som det framleis er mogleg for menneske å opphalde seg i rommet i den tida det tek å kome seg ut.

Dette er ei løysing som blir brukt i bygg og rom der ein ønskjer å ta ekstra godt vare på verdiar som ikkje toler vatn.

For Hemsedal kyrkje er dette ei viktig investering. Kyrkja er både eit gudshus og eit kulturhistorisk bygg med stor verdi for bygda. Med nytt slokkeanlegg blir kyrkja betre sikra mot brann, samstundes som inventar, orgel og andre historiske verdiar får ein ekstra tryggleik.

Arbeidet vil kunne merkast både inne og ute i kyrkja i ein periode. Vi håpar på forståing dersom det blir litt meir aktivitet eller enkelte område er avsperra undervegs.

TEKST: IRENE MARKEGÅRD

Min Salme

GUNVOR GARTHUS SKINNEMOEN

Gunvor er prestekone, gift med tidlegare sokneprest Jan Olav Skinnemoen. Ho er utdanna adjunkt, og er godt over middels glad i salmar og song. Ho syng i damekoret «Kråkesølv» og har også ofte vore forsongar under gudstenester i kyrkja.

Om valet av salme seier ho det slik: – På denne årstida vil eg trekkje fram «Solsangen» til Frans av Assisi. Diktet vart skrivt alt på 1200-talet, og blir også kalla «Skapningens lovsang». Det er nummer 290 i salmeboka vår. Trass i den lange historia, er det ein etter måten ny salme. Svensken Olov Hartman skreiv den om på 1970-talet, og Eyvind Skeie omsette den til norsk. Egil Hovland har laga melodien.

– Før me kom til Gol, budde me på Tynset. Der hadde skulen våronn-messe i kyrkja kvart år, der me song denne salmen. Det har me også gjort under skulegudstenester her på Gol. Den vakre salmen har også fylgt meg både i bryllaup og gravferder, seier ho.



TEKST: **KJELL SLÅTTEN**
FOTO: **PRIVAT**

Frans var rikmannsson frå Assisi i Italia. Han valde å gje avkall på all rikdomen og bruke livet sitt til beste for sjuke og fattige. Han grunnla Fransiskanarordenen og er seinare utnemnd til vernehelgen for miljøvern.

– Me kan også alle ta del i den kjende fredsbøna hans, som startar slik: «Herre, gjør meg til et redskap for din fred.»

Solsangen

Takk, gode Gud, for alle ting,
først for bror Sol, så lys og fin.
Han vekker oss hvert morgengry
og er ditt tegn for oss i sky.

Omkvad:
Halleluja, halleluja.
Takk for alle dine under.

Du tenner lys hver stjernenatt,
gir søster Måne hennes prakt.
Du sender ut bror Vind, så yr,
han drar omkring til tåken flyr.
Omkvad.

Syng, søster Vann, fra kilden dyp,
bred ut ditt store hav i fryd.
Nå kaster regnet sølv på alt,
og jorden jubler der det falt.
Omkvad

Strål opp bror Ild, og takk den Gud
som skapte lyset på sitt bud.
Gi kullet glød og lampen skinn,
varm oss, bror Ild, ved flammen din.
Omkvad.

Takk gode Gud, for moder Jord,
hun gjør oss ett med alt som gror.
Hun bærer trær og blomster frem
og smykker by og land med dem.
Omkvad.

Takk, Gud, for dem som elsker deg,
for dem som går på fredens vei,
for dem som gav oss kjærlighet,
for dem som ser din herlighet.
Omkvad.

Takk, gode Gud, for søster Død,
den siste hjelper i vår nød.
Hun kjører vognen stille frem
når det er kveld og vi skal hjem.
Omkvad.

Syng, dag og natt! Syng, hav og jord!
Vi priser Gud i samstemt kor:
Du er så rik! Du ser oss nå,
du bøyer deg mot alle små.
Omkvad.

Folkemusikk og dans ved Lykkja kapell

SUNDAG 9. AUGUST



Velkomen til ein stemningsfull dag ved Lykkja kapell med folkemusikk, dans og fellesskap.

KI 11.00 Folkemusikk gudsteneste.
Jo Asgeir Lie deltek.

Dans og levande folkemusikk utanfor kapellet etter gudstenesta, samt sal av kvikau m.m



KI. 13.30 Konsert med Knut Buen og Jo Asgeir Lie, som byr på ei heilt spesiell musikalsk oppleving der tradisjon møter nyskaping.

Vel møtt!



Konfirmantar i Gol kyrkje:

1.r fv: Sunniva Bleiktvedt, Selma Dokk Kvålshaugen, Silje Løstegård Solhjell, Ingrid Mosserud Gladhus, Ulla Width, Eirin Ophaug Turhus, Tilda Viko Eidsgård. **2.r fv:** Jan Willy Melo Bråthen Hedvig Røstberg Andersson, Amalie Ljungberg Roe, Louie Jhon Miqueas Villanueva, Solveig Berget, Sina Slåtto-Øynebråten, Vetle Løken-Arnegård, Malin Breie Lerberg, Anna Cathrine Hansen Hyrve, Anders Glimme, Maria Othelie Grøndalen, Tiril Aurora Brenno. **3.r fv:** Patrick Eikrehagen, Ola Kristian Eidsberget Sortebråten, Edvard Bråthen, Håvard Opheim, Ole Kristian Nerheim, Eskild Berget Kjeldsen, Torstein Jordheim, Max Frostholm Larsen, Christian Ravnanger, Wilmer Gram.



Konfirmantar i Herad kyrkje:

1.r fv: Emilie Finnevolden Nordreli, Andrea Hoftun.
2.r fv: Iver Brennhovd, Aleksander Lauvvang Rivedal, Prest Arnstein Bleiktvedt.



FOTO: FOTOGRAF MARIT SKREDEGÅRD, GOL

Konfirmantar i Hemsedal kyrkje:

1.r fv: Eline Wøllo Holte, Tolena Øyen Markegård, Malin Haugo, Sofie Hutchinson Stenholt, Mari Rimstad Intelhus.

2.r fv: Ingeborg Falck-Magnetun, Vilde Natvig Intelhus, Leon Østlie, Sarah Østby Putner, Marie Mythe Eitrheim,

Sokneprest Ingrid Finsådal Bakke. **3.r fv:** Lars Rune Eikre, Tor Leander Krusedokken Solberg, Ludvik Svensson Haugo,

Oliver Embre, Eivind Hustad, Leon Løkken. **4.r fv:** Martin Gundersen Tømmervold, Ola Flaget Larsen, Nikita Skobelev,

Markus Ulvestad Juliebø, Linus Jorem Wraae.

Konfirmant 2026/27. Ei viktig tid - eit viktig val!

Velkommen som konfirmant i Hemsedal eller Gol og Herad sokn

Info og påmelding

Gå inn på hemsedal.kyrkja.no eller gol.kyrkja.no for meir informasjon om konfirmasjon hos oss. Her finn du og skjema for registrering av konfirmant. Dersom du er usikker på alt som skal fyllast ut, skriv du det du veit og sender inn. Vi ordnar det som manglar ved oppstart.

Påmeldingsfrist: 1. september.

**Har du spørsmål så ikkje
nøl med å ta kontakt.**

Hemsedal

Sokneprest Ingrid Finsådal Bakke
if323@kyrkja.no eller tlf. 910 08 109

Gol og Herad

Sokneprest Arnstein Bleiktvedt
arnstein.bleiktvedt@gol.kommune.no
eller tlf. 958 28 706

Folkemusikk og dans

VED LYKKJA KAPELL

Sundag 9. august 2026 inviterer Hemsedal spele- og dansarlag og Hemsedal sokn til «Folkemusikk og dans ved Lykkja kapell» – ein dag der folkemusikk, dans, kyrkjeliv og lokal kulturhistorie møtest i vakre omgjevnader på Lykkja.

Lykkja har gjennom generasjonar vore ein viktig møteplass. Her vart den tradisjonsrike Lykkjadansen halde, og folk frå både Hallingdal og Valdres samla seg til musikk, dans og fellesskap. Denne historia ønskjer vi å løfte fram og føre vidare gjennom eit arrangement som tek vare på og synleggjer den levande kulturarven vår.

Dagen startar med folkemusikk-gudsteneste i Lykkja kapell klokka 11.00. Musikken til gudstenesta er komponert av Jo Asgeir Lie, ein av dei fremste folkemusikarane og komponistane i landet. Lie, som er frå Voss og har vore rektor ved Ole Bull Akademiet, har gjennom mange år arbeidd med å utvikle nye uttrykk i møtet mellom folkemusikk og kyrkjemusikk. Mellom anna har han komponert ei eiga folkemusikk-liturgi for Den norske kyrkja.



Etter gudstenesta vert det dans og folkemusikk utanfor kapellet, der både lokale utøvarar og publikum får høve til å ta del i tradisjonane som har levd i området gjennom generasjonar.

Klokka 13.30 vert det konsert med Knut Buen og Jo Asgeir Lie. Dette vert eit sjeldan møte mellom to markante kulturberarar frå kvar si grein av folkemusikken. Knut Buen er rekna som ein av Noregs fremste hardingfelespelarar og har gjennom eit langt liv vore ein sentral formidlar av slåttemusikk, segner og forteljartradisjonar. Med meir enn femti år som utøvar, komponist og kulturformidlar har han sett djupe spor etter seg i norsk kulturliv.

TEKST: HANS JAKOB WASTVEDT



Saman med Jo Asgeir Lie, som har ein brei musikalsk bakgrunn frå både folkemusikk, klassisk musikk og nyskapande komposisjonar, vil Buen skape ei konsertoppleving der tradisjon og nyskaping møtest. Dette er ei musikalsk samling som sjeldan finn stad, og ei oppleving folkemusikkinteresserte langt utanfor bygda ville reist langt for å få med seg.

Målet med arrangementet er å skape ein open møteplass for fastbuande, hyttefolk og tilreisande, samstundes som vi tek vare på og løfter fram den rike folkemusikk- og dansetradisjonen som høyrer heime i Hallingdal.

Vi ønskjer alle velkomne til ein dag med musikk, dans, tru, kultur og fellesskap ved Lykkja kapell.



Babysang og småbarnstreff har i vår vært på Kyrkjestugu i Hemsedal, da familiens hus er under ombygging.

Bildet viser en blid gjeng under lunsjen.

TEKST OG FOTO: BRITT MARIE HARALDSET

Nye retningslinjer for gravlys på gravplassane

FORBOD MOT LAUSE TALGLYKTER

For mange er det å tenne eit lys på grava ein fin og viktig måte å minnast dei vi saknar. Eit gravlys kan vere eit teikn på omsorg, nærleik og minne – både i kvardagen og ved høgtider.

Samtidig ser vi at enkelte typar gravlys kan skape utfordringar både for tryggleik og for området rundt gravplassen. Særleg gjeld dette lause talglykter, som fuglar kan få tak i og flytte på. Fuglane blir tiltrekte av talgen i lyktene og prøver å få tak i han som mat. Når dei blir tekne med bort frå grava, kan restar av metall og anna materiale hamne i naturen og på jordbruksområde rundt gravplassane. Det er uheldig både for miljøet og av omsyn til dyrevelferd.



Det er framleis høve til å tenne lys og oljelampe på grava, så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern, og lysa er festa godt eller plasserte i ei lukka lanterne som fuglar ikkje klarer å handtere. Forbodet gjeld lause talglykter.

Vi takkar for forståing og hjelp til å ta vare på både gravplassen, naturen rundt og dyra i området.

For å gi alle god tid til å tilpasse seg, blir ordninga innført stegvis.

På gravplassane i Gol og Herad gjeld forbodet mot lause talglykter frå 1. august 2026.

I Hemsedal tek ordninga til frå 1. mai 2027.

Dersom du har spørsmål om dei nye retningslinjene, kan du ta kontakt med kyrkjevevja i Gol eller Hemsedal.

TEKST: **IRENE MARKEGÅRD**
FOTO: **iStock**



KAMPENES BEGRAVELSESBYRÅ

Velkommen til gravsteinsdag ved Gol kyrkje lørdag 13. juni fra kl. 10-16

Kampenes og Eidsvoll Naturstein gir deg gratis oppretting av stein dersom du har behov for det. Valdres Blomster kommer med tips til stell og beplantning på gravplassen.

Det vil bli servert kaffe og kake.

Alle er velkommen!



www.kampenes.no

Tlf: 32 07 33 53

GUDSTENESTELISTA

7. JUNI

2. søndag i treeiningstida

HERAD KYRKJE KL. 11.00
Gudsteneste

14. JUNI

3. søndag i treeiningstida

GOL KYRKJE KL. 11.00
Gudsteneste

HEMSEDAL KYRKJE KL. 19.00
Gudsteneste

21. JUNI

4. søndag i treeiningstida

HEMSEDAL STAVKYRKJETOMT
KL. 11.00
Skaparverkgudsteneste

HERAD KYRKJE KL. 19.00
Jonsokgudsteneste

1. JULI

GOL STAVKYRKJE KL. 20.00
Musikkandakt

5. JULI

6. søndag i treeiningstida

HEMSEDAL KYRKJE KL. 11.00
Gudsteneste

8. JULI

GOL STAVKYRKJE KL. 20.00
Musikkandakt

12. JULI

7. søndag i treeiningstida

HERAD KYRKJE KL. 11.00
Gudsteneste

LYKKJA KAPELL KL. 11.00
Frelsesarmeenmøte

15. JULI

GOL STAVKYRKJE KL. 20.00
Musikkandakt

19. JULI

8. søndag i treeiningstida

NYSETSTØLANE, HEMSEDAL
KL. 11.00
Stølsmesse (Sjå nettside for meir info)

22. JULI

GOL STAVKYRKJE KL. 20.00
Musikkandakt

26. JULI

GOL STAVKYRKJETOMT KL. 11.00
Skaparverkgudsteneste, kaffi på museet

OSET KAPELL KL. 16.00
Olsokmesse

29. JULI

GOL STAVKYRKJE KL. 20.00
Musikkandakt

2. AUGUST

10. søndag i treeiningstida

ØYNEBRÅTEN STØL,
GOLSFJELLET KL. 11.00
Stølsmesse

LYKKJA KAPELL KL. 11.00
NMS Misjonsmøte

9. AUGUST

11. søndag i treeiningstida

LYKKJA KAPELL KL. 11.00
Folkemusikk gudsteneste
Eige program etter gudstenesta,
sjå eiga annonse

16. AUGUST

12. søndag i treeiningstida

GOL KYRKJE KL. 11.00
Gudsteneste 50 års konfirmantar

23. AUGUST

13. søndag i treeiningstida

HERAD KYRKJE KL. 11.00
Gudsteneste

HEMSEDAL KYRKJE KL. 11.00
Gudsteneste, 50-årskonfirmantar

6. SEPTEMBER

15. søndag i treeiningstida

HERAD KYRKJE KL. 17.00
Konfirmantpresentasjon

GOL KYRKJE KL. 19.00
Konfirmantpresentasjon

13. SEPTEMBER

16. søndag i treeiningstida

HEMSEDAL KYRKJE KL. 19.00
Konfirmantpresentasjon



Open kyrkje i Hemsedal

Velkomen til open kyrkje i sommar i Hemsedal.

I perioden 22. juni – 2. august (veke 26-31) vil det vere ope kyrkje måndag til fredag frå kl 12–16. Her vil du møte ungdommane våre som har sommarjobb i kyrkja.

Det er mogleg å sitje i ro, lytte til musikk eller få ei omvising.

Det skal installerast sløkkjelegg i kyrkja i sommar. Dette arbeidet vil pågå samstundes som det er ope kyrkje i perioden vekene 26-27/28.

Velkomen!

LIVETS GANG

DØDE

GOL

Astrid Herborg Golberg f.1933

Ågot Magnetun f.1927

Østen Georg Østro f.1948

Laila Irene Solli f.1937

HERAD

Birgit Brøto f.1946

HEMSEDAL

Ingvald Grøndalen f. 1952

Gudrun Thorset f.1948

Guro Jordheim f.1996

Gro Kvalsvik f.1959

DØYPTTE

GOL KYRKJE

Halvor Heggelien Evjen

Anine Fossum Bæra

Julian Alexander Karlsen Biksrud

Kari og Margit Åsødegård Hoftun

HERAD KYRKJE

Ola Brekko

HEMSEDAL KYRKJE

Olivia Løken Tveito

Lilja Aurora Mythe Glendinning

Herman Solhaug Langehaugen

Hannah Elise Bjørnstad

VIGDE

GOL KYRKJE

Julie Levang og Thomas Sylstad Alme

HEMSEDAL KYRKJE

Hanne Skolt

og Vincent Stoltenberg Wahl

Marianne Løken og Aleksander Wisløff

Merethe Ragnardotter Flakk

og Morten Nils Skovdal

Maja Kristine Holmen Eberlein

og Thomas Landbø

Hemsedal Begravelsesbyrå



Personlig og trygg hjelp
i en vanskelig tid.

☎ 97 41 41 00

Olav Støyten · Hans Vidar Sørensen

🌐 hemsedalbegravelsesbyra.no



JØLSTAD
Hallingdal gravferdsbyrå

Gravferdsbyrået for heile
Hallingdal sidan 1995

STIM Work, Sentrumsvegen 60, Gol // Tlf: **91 70 62 50** (24t)
hallingdalgravferd.no



KAMPENES
BEGRAVELSESBYRÅ

Vi er i nærheten når
du trenger oss.

Telefon: 32 07 33 53 - Hele døgnet
Ditt lokale begravelsesbyrå i Gol.



Thea Lilleengen
Gravferdskonsulent

Sentrumsvegen 30, 3550 Gol kampenes.no



ΦH 1963
ΦEDER

FLÅ, NESBYEN, GOL, ÅL
BEGRAVELSESBYRÅ

Ditt lokale begravelsesbyrå siden 1963

Avd. Gol
Sentrumsvegen 83
Døgnvakt tlf. 32077551
golbb.no

ALLE TID VÆR FOR
deg



Barnas

Fargelegg!

Samuel var ein gut på ca. 6 år som vakna av at Gud snakka til han! Fargelegg bildet av Samuel som vaknar i senga si.



Teikning: Chiara Bertelli

Gåte:

Veit du kva som går opp når den går ned? Glidelåsen!

Finn 5 feil

Samuel hørde mange ting frå Gud. Då Samuel blei vaksen fortalde Gud han kven som skulle bli konge. Kan du finne fem feil på bildet under?



Teikning: Kari Sortland



Finn 10 gutenamn

I rutenettet gøymmer det seg 10 gutenamn. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?

Y	J	M	Q	X	R	X	E	E	E
O	E	O	E	H	U	T	G	H	O
R	I	R	D	A	B	Z	I	A	K
U	S	T	O	V	E	P	L	S	R
M	A	E	Z	O	N	U	F	L	I
G	K	N	Q	F	U	O	I	A	S
R	N	O	A	H	Y	L	L	K	T
K	Å	R	E	U	Q	A	L	Y	I
G	D	H	G	K	K	V	I	X	A
G	U	W	G	Q	X	Z	P	W	N



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Vits:

Hvis du kallar meg liten éin gong til, så hoppar eg opp og bit deg i kneskåla!

